

Takk

Ivar Aasen-tunet onsdag 6. juni 2018

Cæsar slo gallerne

Hadde han ikke engang med seg en kokk?

Slik gjendikta Georg Johannesen to linjer i diktet «En lesende arbeiders spørsmål» av Bertolt Brecht for nøyaktig femti år sidan. La det vere inngangen når eg no skal prøve å takke for noko som er mykje større enn meg, og som peikar utover til så mange andre. «Dette er viktig og riktig», har det stått i ein del helsingar den siste tida. Det gjorde godt å lese nettopp det.

Frå den dagen i januar då ferja gynga over fjorden, litt fordi det var litt rufsete, mest fordi eg hadde fått ei melding som ikkje var til å forstå, har det vore om å gjere å få fram nettopp det, at dette er ein heider som peikar på fleire enn meg sjølv. Då er dette til å bere.

Å leve er å forstå. Å handle er å endre. For meg er det dette det handlar om, det som ligg under denne heideren bortanfor alle tankar. Alt eg har gjort, har eg gjort fordi nokon har gitt meg lov til det, eller ikkje brydd seg, eller fordi eg brydde meg. Alt som måtte vere oppnådd, er utretta i lag med hundrevis, kanskje tusenvis av enkeltmenneske.

Kvar eg enn har vore, har eg hatt overordna som har gitt meg dei sjansar eg trong. Dei veit kor takksam eg er for det. Den takksemda har eg prøvt å seie til medarbeidarane eg har fått lov til å utsetje for jamt nye oppgåver og påfunn, utan at dei kanskje visste at eg aldri har hatt særleg sans for meg sjølv som leiar.

I dag vil eg takke to for alle, to av dei som stilte opp, berga unna, heiv seg rundt. Eg skal berre, sa eg, som den Albert eg er. Det er greitt, sa dei, iallfall høyrdest det slik ut. Kjære Brit i Samlaget den gongen og kjære Oddny i Nynorsk kultursentrum no: De gjorde det mogleg å tenkje på mange fleire ting enn eg burde. Dykkar arbeid står mellom linjene i den søknaden som blei send.

Noko lærer ein med åra. Eg har innsett at somme meiner det dei seier. Når dei sju brevskrivarane meinte at eit brev skulle sendast til Slottet, så veit eg at dei meinte det, for eg har kranгла med fleire av dei. Takk for at de ville meg så vondt, for det gjer godt. Korleis eg skal få takka for alt det fine som no er sagt, anar eg ikkje, men eg har ein plan.

La så fellesskap vere fellesskap. Eg forstår at dette også handlar om meg. Ja, eg har gjort mykje. Ja, eg har gjort for mykje, men også for lite.

Sjølvbiletet har alltid vore prega av uvisse. Det som kan ha berga meg, har vore å vere førebudd, kunne sakene, lese kjeldene, lage nye forteljingar, leggje til ein fotnote. Snarvegane er for korte. Det var å gå den lange vegen gjennom språket.

Det tok til i Freidig 4H i Nedre Vats for meir enn 50 år sidan, midt i det språket Kjartan Fløgstad dikta fram så einestående vakkert i Dalen Portland. Det var der eg tok til å lære det eg ikkje visste eg kom til å få bruk for. Som den blyge vestlendingen eg er i det private, lærte eg etter kvart at i roller kan du gjere kva som helst, gå på vatnet om det må til.

Den første offentlege irettesetjinga for språket mitt fekk eg av Otto Nilsen, i Søndagsposten i 1971. Ikkje anar eg kva konkurransen handla om, men eg hadde iallfall ønskt meg *Krusjtsjov minnes*. Herr Nilsen skreiv med raudblyant gjennom eteren korleis det

namnet skulle skrivast den gongen. Det gjorde slikt inntrykk at eg aldri las boka, men same hausten var eg med og organiserte mitt første demonstrasjonstog, for nynorske lærebøker. Ei rettferdssak, ikkje målsak, sa Grepstad, pittelitt bereknande alt då.

Den første viktige boka eg las, var *Mat for milliarder* av den svenske naturforskaren Georg Borgström. Boka kom ut same året som Johannesen gjendikta Brecht. 15 år gamal sat eg og skreiv av store delar av boka i ei bok med spiralperm, ei slik der det er uråd å skrive skikkeleg på venstresidene. Borgström gjorde så sterkt inntrykk at den endra meg frå ein betrevitande, dødssjenert tenåring til ein politisk aktivist med vilkårslaus insistering på verdien av liberalitet.

Eg voks opp som ein villmann, sa mor mi, og det utan fjernsyn i huset. Vi var fire søsken og blei heldigvis nokre fleire. Eldstebror Jon har vore der med sin intellektuelle presisjon, Knut med sin musikk er den av oss som har stått nærmast kunsten, Dagfrid har vore viktigare enn det som kan seiast kort, så kom Kirsti og delte i mange år av sin klokskap og si poetiske uro, og så aller mest Grunde Andreas, som i alle år har halde meg skjerpa og stiller dei spørsmåla som krev sine svar. Ingen har prega meg meir, og eg vil helst ikkje vite kvar eg hadde vore utan. Denne medaljen skin på dykk alle.

Ivar Aasen-tunet kan det der med arrangement. Nokon hadde så mykje å gjere at dei like godt laga til denne festen også. Grete, Gaute og Oddny organiserte det heile ned i minste detalj. To store kunstnarar kom flygande med det beste dei har og gjorde augo blanke. Alt dette fordi styret ville gjere noko ekstra. Den enklaste måten å takke dykk alle på er også den varmaste. Gi dei all den applausen de har!

Så la då dette vere ein heider å bere for dei vi ikkje veit så mykje om, som ho Rebekka som skreiv i Fedraheimen i 1880-åra, til Ruth som laga reportasjeserie frå ein norsk fiskebåt på veg til Palestina i 1950, til ho som kanskje heiter Maria, og som om mange år debuterer med ei bok som får kritikarane til å spørje om dette er ei ny Lillegraven.

Kan eg vere ein riddar for dei som berre bruker språket sitt fordi det er språket deira, slik som han litt klossete sekretæren i Freidig 4H, så ja, takke meg til.

Og så, ja, sjølvsagt: Takk, Ivar Aasen!